

## Referat frå FAU-møte 16. september 2019

Til stades: John Sylte, Geir Vik, Siv Grønningsæter, Marianne Wiik, Anette Nerhus, Linda Fjørtoft Aas, Raymond Aas-Furland, Gisela Smith-Nilsen

Fråfall: Ann- Iren Aas

### 1. Avklaring kring roller og ansvar

Saker som fremmar organisasjonen skal vere i fokus, ikkje saker om enkeltelevar. anbefaler Fug.no for meir informasjon.

FAU er eit foreldrerådsmøte, arena for foreldre. Rektor deltek i første del av møta der det kan bli behov for informasjon til FAU i aktuelle saker.

### 2. Nye rutinar på ungdomsskule

Gisela informerte om prosessen på ungdomsskulen i arbeidet med å få eit godt og trygt arbeidsmiljø på Helland ungdomsskule. Våren 2019 gjennomførte elevane på ungdomsskulen ei ikkje-anonym-spørjeundersøking. Resultatet viste at der var viktig å sette inn tiltak på ungdomsskulen for å betre arbeidsmiljøet. Skulen har gjennom det vidare arbeidet hatt rettleiing i dette arbeidet av PPT og av Trond Hansen Riise. Ved skulestart blei det innført nye rutinar. Føresette og elevar fekk skriv heim om dette. Det har og blitt gjennomført felles foreldremøte på ungdomsskulen for å gi ytterlegare informasjon. I løpet av hausten skal personale og elevar vere med å evaluere tiltaka.

### 3. Morgonrutinar barneskulebygg

FAU tok opp problematikken kring morgonrutinar barneskule. På møte blei det ikkje noko endeleg avklaring på korleis ein skulle følgje opp dette vidare.

Rektor drøfta saka på leiarmøte Helland skule i etterkant av FAU-møte for å kome vidare i arbeidet med denne utfordringa. Skulen startar no opp arbeidet med å evaluere og gjere nødvendige endringar på morgonrutinane på barneskulen.

### 4. Møteplan for haust 2019

Saker som burde på agenda; status felles ungdomsskule. Sende innspel til det nye kommunestyret. Ta kontakt med Gunnvald Fauske ang tall/utfordringar kring bygget som kan vere med i eit innlegg.

Neste møte: **Måndag 14. oktober kl. 18**

Aktuelle saker til møte må meldast inn til Gisela innan torsdag 3.oktober.

Ref. Brit Guro Rypdal Hovden